

Hopehav

Presentasjon av kartleggingsrapport
om interkommunalt samarbeid

18.05.2017

Kartlegginga

Krevjande arbeid:

- Arkivstandarden i kommunane ikkje tilpassa 'google-søk'
- Offentlege kjelder ikkje alltid oppdatert
- Informantar ikkje alltid like tilgjengelege
- Ting endrar seg. Ting som var rett ved kartlegginga, treng ikkje vere det no

Derfor:

- Kartlegginga kan innehalde feil og manglar
- Kartlegginga er ei kartlegging
- Kvart samarbeid må analyserast grundigare før vedtak kan bli gjort
- Kartlegginga vil kunne vere til hjelp for dei vurderingane som må bli gjort fram mot vedtak

Hovudfunn

- Omfattande hopehav mellom dei fem kommunane – seg imellom og/eller andre kommunar
- Ca 90 samarbeids**ordningar**
- Ikkje like mange samarbeids**oppgåver**
- Samarbeid om éi type oppgåve blir løyst gjennom fleire ulike ordningar og/eller fleire ulike konstellasjonar

Av alle ordningane er deltakinga slik:


- Ålesund 63 %
- Haram 55 %
- Skodje 51 %
- Ørskog 50 %
- Sandøy 47 %

I 18 % av ordningane deltek alle 5 i lag

- Dei 5 kommunane har tett hopehav med andre nabokommunar – særleg 4 av dei:
 - Giske deltek i 38 %
 - Norddal deltek i 38 %
 - Stordal deltek i 41 %
 - Sula deltek i 48 %
- Norddal og Stordal vil gå saman om ein ny kommune
- Giske og Sula vil halde fram åleine

- Sandøy er orientert mot
 - Aukra
 - Midsund
- Skodje og Ørskog er orientert mot
 - Norddal
 - Stordal

Styring og kontroll



IKS

- 7 IKS (interkommunale selskap) er kartlagt:
 - 5 deltek i 5 av 7
 - 2 deltek i 1 av 7
 - 2 andre deltek i 1 av 7
 - 1 av IKS-ane omfattar alle kommunane i fylket
- Stor variasjon i talet på deltakarar
- Somme kommunar deltek i dei fleste

Endringa i kommunestruktur får konsekvensar:

- Nye juridiske einingar gjer noverande selskapsavtalar ugyldige
- Noverande eigarstruktur endrar seg – i nokre høve vil talet på deltakarar bli halvert
- Endring i eigardel = endring i representasjon?
- Nye Ålesund arvar 'dei gamle' si deltaking eller ikkje?

Felles styre

- 4 samarbeid med felles styre et kartlagt:
 - 5 deltek i 1 av 4
 - 4 deltek i 1 av 4
 - 2 deltek i 1 av 4
 - 1 deltek i 1 av 4
- Konsekvensane av ny kommunestruktur blir tilsvarande som for IKS

Vertskommune

- 15 administrative vertskommunesamarbeid er kartlagt
- I alle samarbeida er ein av dei 5 kommunane vertskommunen:
 - Ålesund 9
 - Ørskog 3
 - Skodje 2
 - Haram 1

- Alle 5 deltek i eitt eller fleire av samarbeida
- Talet på samarbeidande kommunar varierer frå 2 til 17
- 4 vertskommuneordningar for legevakt og 2 for landbruksontor
- Ulike ordningar for same type oppgåve:
 - Vertskommune
 - Felles styre
 - Kjøp og sal

- Vertskommunen utøver mynde på vegne av samarbeidskommunen(-ane)
- Endring i kommunestruktur får konsekvensar:
 - Gjeldande samarbeidsavtale blir ugyldig
 - Framhald av samarbeidet krev ny avtale
 - Nye Ålesund må rydde opp i 'overlappende' vertskommunesamarbeid

Felles råd

5 felles råd er kartlagt:

- Forliksråd: Skodje og Ørskog + Stordal
- Forliksråd: Sandøy + Aukra og Midsund
- Kyrkjeleg fellesråd: Skodje og Ørskog + Norddal, Stordal og Stranda
- Politiråd: Sandøy + Aukra og Midsund
- Politiråd: Skodje og Ørskog + Stordal
- Politiråd: Ålesund + Giske og Sula

- Endring i kommunestrukturen og politistrukturen får konsekvensar:
 - Kvar kommune sitt forliksråd – sekretariatet følgjer organiseringa av politi/lensmann/namnsfogd
 - Politiråd er eit samarbeid mellom kommunen og lokalt politi
- Endring av kommunestrukturen får konsekvensar for kyrkjeleg felleusråd?

KF

4 kommunale føretak er kartlagt:

- 110-sentral – Ålesund, men felles for heile fylket
- Brann – berre Ålesund
- Eigedom – berre Ålesund
- Ingebrigt Davik-huset – berre Haram

Endring i kommunestrukturen fører til konsekvensar:

- Noverande KF blir ugyldig. Framhald krev nytt vedtak og nye vedtekter
- Skal KF som berre éin av kommunane har, førast vidare i den nye kommunen?
- Skal 110-sentralen halde fram som KF eller bli IKS, vertskommunesamarbeid eller anna?

Kjøp og sal

20 ordningar med kjøp og sal er kartlagt:

- Ålesund er seljar i 13
- Haram er seljar i 2
- Ørskog er seljar i 2
- Sandøy er seljar i 1
- Giske er seljar i 1
- RIR er seljar i 1

- Det er 2 ordningar med kjøp og sal av
 - Kulturskulelærarar
 - Landbrukstenester
 - Vaksenopplæring
- Omfanget varierer frå år til år avhengig av kjøpars behov og seljars kapasitet
- Ny kommunestruktur kan endre behovet
- Gjeldande avtalar må eventuelt erstattast av nye

Kjøp og sal / vertskommune

Tenester det blir samarbeidd om både som kjøp og sal og som vertskommune:

- Barnevern
- Brann
- Feiing og tilsyn
- Landbruk
- Vassforsyning (kjøp og sal/KF)

Forskjell mellom kjøp og sal og vertskommune:

- **Kjøp og sal:** Seljaren utfører 'produksjonsoppgåve' for kjøparen – vanleg kjøpsavtale
- **Vertskommune:** Samarbeidskommunen let vertskommunen utføre lovpålagte oppgåver , medrekna å utøve forvaltningsmynde, på sine vegne – nedfelt i skriftleg avtale vedtatt av begge kommunestyra

Eksempel – feiing og tilsyn:

- **Kjøp og sal:** Seljaren utfører feiinga og tilsynet. Tilsynet finn feil eller manglar – seljaren varslar dette til kjøparen. Kjøparen må gjere vedtak om tiltak
- **Vertskommune:** Vertskommunen utfører feiinga og tilsynet og gjer vedtak om tiltak ved feil eller manglar avdekt av tilsynet.

Ymse anna

32 samarbeid om permanente oppgaver er kartlagt:

- Samarbeid med og utan skriftelege avtalar
- Samarbeid om oppgaver der det også er vertskommunesamarbeid og/eller kjøp og sal av tenester
- 5 av samarbeida gjeld berre to eller fleire av kommunane i nye Ålesund

- 2 partnerskap er kartlagt
- 3 foreiningar og lag er kartlagt
- Mange samarbeidsprosjekt om tidsavgrensa oppgåver
- Mange nettverk
- Endring i kommunestrukturen gjer gjeldande skriftlege avtalar ugyldige. Vidare samarbeid krev nye avtalar

- Direkte og indirekte eigarskap i aksjeselskap
 - Samanslåing av kommunar med heimel i inndelingslova sikrar at eigarskapen blir ført over til den nye kommunen
- Med-opprettar av stiftingar
 - Den som er med som opprettar, har ikkje lenger råderett over det som er ført over til stiftinga

Lykke til videre!